



Nordre Holsnøy

Idrettslag

Stifta 31.05.1959

Ievegen 6

5917 ROSSLAND

Årsmelding for hovudstyret i Nordre Holsnøy IL 2016

Styret i NHIL har i 2016 vore samansatt av desse medlemma

Styreleiar: Anders Olav Dale

Nestleiar: Anne Grete Eide

Økonomiansvarleg: May Rossnes

Handballeiar: Torfinn Losnedahl

Fotballeiar: Andreas Hjertås

Styremedlem: Eirin Larsen

Styremedlem: Jan Åge Tangen

Første varamedlem: Linda Langenes

Andre varamedlem: Eivind Isdal

Tredje varamedlem: Thomas Mjelde

Medlemmar

Pr. 31.12.2016 var me 470 medlemmar i klubben.

Økonomi

Hovudstyret ser at det er mogleg å drive administrasjonen på dugnad, men at det i periodar er krevande og at det lett blir slitasje på dei mest involverte. Me vil likevel fortsetje med å ta desse oppgåvene på dugnad i likhet med trenarar, bane- og vedlikeholdnemnda, medlem av dei andre styra og andre frivillige i klubben.

Den økonomiske situasjonen for 2016 har fulgt trenden frå dei seinare åra, og har generelt vore meget god. Nordre Holsnøy IL har hatt eit overskudd på 212 368,10,- i 2016. Me er nøgd med dette, men eit slikt overskot må også sjåast i samanheng med fjoråret då me gjekk i underskot grunna store utgifter med påfylling av gummigranulat på bana i Leirdalen. Slike innhogg i økonomien vår vil koma igjen, og me er derfor avhengig av overskot i år utan store investeringar.

Idrettslaget har også mottatt 700 000,-, som er sett inn på høgrentekonto, i forbindelse med utbetaling av spelemidlar etter bygginga av klubbhuset i Leirdalen. Dette er pengar me har fått av Trond Mohn. Me ynskjer å rette ein stor takk til han! Utan midlar frå han hadde me ikkje hatt moglegheit til å realisera draumane om bl.a. kunstgras og klubbhus i Leirdalen.

I 2015 vedtok ekstraordinært årsmøte i NHIL at klubben kunne gå inn med 450 000,- av eigne midlar til baneprosjektet ved Vestbygd skule. Pengane vart investert i prosjektet, som no er ferdigstilt, og om nokon år vil me mest sannsynleg få igjen store delar av denne summen i spelemidlar.

Anleggsdrift

Drifta av anlegget går veldig bra. Anlegget krev kontinuerlig vedlikehald. Godt vedlikehald av klubbhus, kunstgrasbana, ballbinga og treningsfeltet har sørge for ypparlege treningsforhold året rundt. Bane- og vedlikeholdsnemnda har stått for vedlikehaldsoppgåvene på ein utmerka måte.

Arbeidet har i sin heilhet vore utført på dugnad. Takk alle som har bidratt med formidabel dugnad på anleggssida. Utan denne innsatsen hadde ikkje klubben vore den same. Innsatsen som vert lagt ned av denne nemnda er førebiletleg for resten av klubben og lokalsamfunnet.

Året som har gått og vidare framover

Me vil også i kommande år måtte fokusera spesielt på inntektssida for å sikra at drift og vedlikehald av anlegget kan haldast på eit naudsynt nivå. Som tidlegare nemnt har me hatt eit baneprosjekt ved Vestbygd skule gåande i 2016. Prosjektet der er no ferdig og det er kome kunstgras på bana. Me ønskjer å takka alle involverte, og spesielt Kjartan Sagstad Dalstø som stod i spissen for arbeidet. Nordre Holsnøy IL er ansvarleg for drifta av denne bana også. Me har utstyret som trengs for å gjera denne jobben, og den lokale velforeininga vil også bidra med småjobbar rundt drift av bana.

Kiosken

Kiosken og foajeen er ein samlingsplass for føresette, medlemmar og andre. Nokon lag slit dessverre med å bemanna kiosken, men kioskansvarleg Elin Iden har gjort ein god jobb med å få ei positiv utvikling på dette. Ho trer no av, og det vil koma ein ny person inn i denne rolla. Me vil takka Elin for ein god jobb i åra ho har hatt rolla som kioskansvarleg. Det at me har open kiosk fire dagar i veka har fleire grunnar. Det skal som nemnt vere ein open og tilgjengeleg samlingsplass, det er lettare å halde første etasje i god stand når me har fasta vaktar der som ser til at ting går greitt for seg og som støvsugar, vaskar og liknande. I tillegg har me moglegheita til å skaffa inntekt til klubben. Kva dagar, og periodar kiosken skal vere open i framtida vil me sjå nærmare på i løpet av 2017.

Takk!

Det er utruleg mange timars dugnad og innsats frå frivillige som har gjort Nordre Holsnøy IL til det idrettslaget det er i dag, for ikkje å gløyma nokon, så sender me ein stor takk til alle som bidrar, stort eller lite – det betyr noko, tusen takk!

Lykke til vidare i sesongen 2017!

På vegne av hovudstyret i Nordre Holsnøy IL
Styreleiar
Anders Olav Dale